

TIL ARBEIDARANE VED KARMØY FABRIKKERSTEM NEI TIL 90 ØRE.

På onsdag skal dykk ta stilling til NAF/HYDRO sitt tilbod om 90 øre meir i timen. Me oppmodar dykk om å stemme nei til dette skambodet og halda fast på kravet på kr. 2,25.

Tilbodet er langt under det som "sammenlignbar industri" har oppnådd. På Årdal og Sunndal er det gjeve tillegg på kr. 2,10.

I gjeldane overenskomst står det at det skal takast hensyn til dette.

LØNA GJEKK NED I FJOR.

I fjor steig prisane med ca. 9,³5%, medan grunnløna steig kr. **2810,-** eller 4,⁴% . Med skattelette (1%) og skattefri fagforeningskontingent (0,2%) blir inntektsauken 5,7%. Altså har dykk 4% mindre i betaling for arbeidet dykkar no enn for eit år sidan. For kvar dag som går blir løna mindre verdt av di prisane stig berre verre enn før. Den såkalla "arbeidarregjeringa" sitt vedtak om å heva bankrenta betyr at mange har fått auka husleiga og gjeldsbyrden sin. Strømprisane har og stege uvanlig kraftig. Iflg. DNA-mannen Gunnar Berge frå Rogaland som er formann i finanskomiteen på Stortinget er det "drastiske tiltak" i vente til våren. På denne bakgrunn er ikkje kr. 2,25 meir enn dykk må ha for å unngå ytterligare lønsnedslag.

Kva forsvarar så NAF/HYDRO det elendige tilbodet sitt med? Dei viser til at Norges økonomi er i krise.

NEDSLAG I LØNA BETYR MASSEARBEIDSLØYSE.

Krisa kjem fordi kapitalistklassen har overinvestert i skip, oljeutstyr og andre kapitalvarer i sin vanvittige profittjakt. Resultatet er overproduksjon og ei krise som dei vil la arbeidsfolk betale med nedslag i løna og arbeidsløyse. Dette går me i mot. Samtidig er det klårt at nedslag i løna betyr svekka kjøpekraft og dermed enda større arbeidsløyse fordi særleg forbruksvareprodusentane ikkje får avsetning for varene sine.

HYDRO ER IKKJE I KRISE.

Hydro gjer det svært bra for tida. Overskuddet i fjor auka til kr. 246 mill. Omsetninga auka til kr. 5,1 milliarder. Aksjeutbyttet er på 12%. Lagrene er små og prisane er bra over stort sett hele linja. Berre på Alnor var overskuddet i fjor på 100 mill. kr. iflg. Hgsd. Avis. Difor er det forsøk på å føre folk bak ljøset når dei der i garden pratar om at krisa i økonomien gjer at dei ikkje kan betala meir. Det er berre ein grunn til at dei ikkje vil betala meir, og det er jakta etter profitt, men det tør dei sjølsagt ikkje seia åpent. Difor prøvde dei seg fyrst med eit fantastisk "tilbod" på 40 øre og vona at det blei godteke. No forsøker dei seg med 90 øre og vonar dei skal sleppe med det.

VER BUDD PÅ KAMP - STÅ FAST PÅ KR. 2,25.

All røynsle frå arbeidarbevegelsen synar at når ein står fast på kravet sitt, avviser alle forslag "om å møtast på halvveien", og ikkje vik unna for kamp, då er ein nødt til å seire. Ved Salten Verk, Mosjøen Aluminium og Lista Aluminium er det gjennomført overtidsnekt, sit-down og gå sakte aksjonar i det siste for å få gjennom krava sine. Det har dei vunne mykje på.

For dykk på Alnor kan slike aksjonar bli einaste vegen å gå for å få igjennom kravet dykkar.

STEM NEI TIL 90 ØRE - HALD FAST PÅ KR: 2,25!
STOPP UTHALINGSFORSØKA TIL HYDRO OG NAF!
VER BUDD PÅ KAMP !

KARMØY AKP (M-L)